

## Hallo i nedslagsfeltet!

I det siste har det stort sett berre gått i jobbing kvar dag på gartneriet, og eg har difor ikkje fått gjort så veldig mykje spanande dei siste vekene. Men litt trening har eg likevel fått tid til.

Stort sett er det fotballtrening med Sunnylvn/Stranda to gongar i veka, i tillegg til éin kamp. Kampane i et siste har vore mot gode lag som Volda, Herd og Spjelkavik, og vi har difor gått på fleire sure tap. Heldigvis har vi tatt med oss alle poenga i møte med både Bergsøy, Brattvåg og Ørsta.

I førre veke hadde eg besøk av ei venninne frå folkehøgskulen, som reiste rundt i landet for å besøke vener og kjente. Medan ho var her gjekk vi blant anna ein tur i Regndalen. Vêret kunne ikkje vore betre og heile dalen viste seg verkeleg frå si beste side! Vi bada og sola oss i Regndalen, og ho var strålende nøgd med turen. Og ein smule misunneleg på dei vakre omgivnadane.



*Nydeleg dag i Regndalen!*

I går deltok eg på "Ta sjansen" i Straumgjerde, både som representant for Senterpartiet i politikarduell og som "kaptein" i den heimesnikra skuta til Brøvøllsfestivalen saman med Håkon Kjersheim Brunstad. Ei litt spontan deltaking frå mi side, men absolutt ei utruleg kjekk oppleving som eg absolutt vil vere med på fleire gongar. I politikarduellen tapte eg for SV med berre 0,1 sekund, noko som var ein smule kjipt for eit konkurransemenneske som meg. Men det var sjølvsagt kjekt at Brøvøllsfestivalen tok heim prisen for beste design.



*Eg og Håkon ute på ein litt kald symjetur.*

I det siste har eg òg prøvd å sette av litt tid til å sykle ein liten tur kvar dag. Om ei veke reiser eg og lillesyster Emma til Lindesnes for å sykle Noreg på langs. Dersom vi er så heldige at alt går som planlagt vil vi kome fram til Nordkapp rundt 1.august. Spenninga har alt byrja å snike seg litt på, men mest av alt gler vi oss kjempemykje.

Vi kjem til å sykle ca 10 mil om dagen, og skal ha kviledag i Ørsta og Bodø. Sjølv om vi er veldig motiverte til å gjere det vi kan for å nå heilt til Nordkapp, er det like viktig for oss at vi får fine opplevingar undervegs, at vi får treffe litt vener og familie, og sjå flott natur.

*Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til: 7,1*

*- Christina*